

LIKINGSBLANKETTANE 2010 – VIKTIGE ENDRINGAR

Vi sender med dette ut orientering om viktige endringar som er lagt inn i skjema dette året. Nye skjema og skjema som går ut, er òg omtala. Når hermeteikn er nytta i skjemanamnet (på overskriftsnivå), tyder det på at skjemaet ikkje finst på nynorsk.

INNHALD:AKSJONÆRSKATTELEGGINGA – OPPGÅVE FRÅ SELSKAPET	2
RF-1086 AKSJONÆRREGISTEROPPGÅVA 2010.....	2
AKSJONÆRSKATTELEGGINGA – OPPGÅVE FRÅ AKSJONÆREN	3
RF-1059 AKSJAR OG FONDSPARTAR M.M. 2010	3
RF-1088 AKSJAR OG EIGENKAPITALBEVIS 2010 M/RETTELEIING RF-2033	3
RF-1141 GEVINST OG TAP PÅ AKSJAR OG PARTAR O. A. VED UTFLYTTING – 2010	4
SELSKAPSOPPGÅVA	4
RF-1215 SELSKAPSOPPGÅVE FOR DELTAKARLIKNA SELSKAP 2010.....	4
DELTAKARLIKNING – OPPGÅVE FRÅ SELSKAPET	4
RF-1220 DELTAKARINNTTEKT FRÅ SKOGBRUK OG REINDRIFT 2010.	4
RF-1233 SELSKAPET SI OPPGÅVE OVER DELTAKAREN SI FORMUE	4
OG INNTEKT I DELTAKARLIKNA SELSKAP 2010 M/ RETTELEIING RF-1288	4
DELTAKARLIKNING – OPPGÅVE FRÅ DELTAKAREN.....	5
RF-1221 DELTAKAREN SI OPPGÅVE OVER EIGEN FORMUE.....	5
OG INNTEKT I DELTAKARLIKNA SELSKAP 2010 M/ RETTELEIING RF-1222	5
NÆRINGSOPPGÅVENE	5
RF-1175 NÆRINGSOPPGÅVE 1 2010.....	5
RF-1167 NÆRINGSOPPGÅVE 2 2010.....	6
RF-1170 ”NÆRINGSOPPGÅVE 3 FOR FORSIKRINGSSELSKAP 2010”	6
RF-1173 ”NÆRINGSOPPGÅVE 4 FOR BANK OG FINANSIERINGSFORETAK 2010.”	6
RF-1242 NÆRINGSOPPGÅVE FOR BILETKUNSTNAR M/ RETTELEIING RF-1247	6
VEDLEGG TIL NÆRINGSOPPGÅVENE	6
RF-1013 KOSTPRIS FOR LANDBRUKSEIGEDOM 2010	6
RF-1016 FORMUE AV SKOGEIGEDOM	7
RF-1022 LØNNS- OG PENSJONSKOSTNADER 2010	7
RF-1052 AVSTEMMING AV EIGENKAPITAL 2010	7
RF-1084 AVSKRIVING 2010 M/ RETTELEIING RF-1270.....	7
RF-1123 KONTROLLERTE TRANSAKSJONAR OG MELLOMVERE 2010	7
RF-1125 BRUK AV BIL 2010.....	7
RF-1177 LANDBRUK 2010	7
RF-1217 FORSKJELLAR MELLOM REKNESKAPSMESSIGE OG SKATTEMESSIGE VERDIAR 2010	7
RF-1219 GEVINST- OG TAPSKONTO 2010 M/ RETTELEIING RF-1210	7
RF-1223 DROSJE- OG LASTEBILNÆRING 2010	7
RF-1269 ”FORETAK SOM BRUKER IFRS ELLER FORENKLET IFRS 2010”	8
FØRETAKSMODELLEN	8
RF-1224 PERSONINNTTEKT FRÅ ENKELTPERSONFØRETAK 2010.....	8
SJØLVMELDINGANE.....	8
RF-1030 SJØLVMELDING 2010 FOR LØNNSTAKARAR OG PENSJONISTAR O.A.	8
RF-1030 SJØLVMELDING 2010 FOR NÆRINGSDRIVANDE O.A.....	9
RF-1028 SJØLVMELDING FOR AKSJESELSKAP M.M. 2010.....	10
RF-1038 ”SELVANGIVELSE FOR FORHÅNDSLIGNING AV UTENLANDSK ARBEIDSTAKER” – TAX	10
RETURN FOR ADVANCE ASSESSMENT OF FOREIGN EMPLOYEE	10

RF-1040 SJØLVMELDING FOR FØREHANDSLIKNING 2010	11
ANDRE VEDLEGG TIL SJØLVMELDINGANE	11
RF-1034 FORDELING AV INNTEKT OG FORMUE MELLOM KOMMUNAR 2010”	11
RF-1045 ”REGNSKAPSUTDRAG 2010”	11
RF-1053 FRÅDRAG I SKATT FOR FORSKING OG UTVIKLING 2010	11
RF-1070 RENTEINNTEKT TIL EKSTRA SKATTEGGING 2010	11
RF-1098 FORMUE AV NÆRINGSEIGEDOM 2010	11
RF-1109 UTTAK FRÅ NORSK OMRÅDE FOR SKATTEGGING 2010	11
RF-1145 FRÅDRAG FOR SKATT BETALT I UTLANDET AV SELSKAP – KREDITFRÅDRAG 2010	11
RF-1147 FRÅDRAG FOR SKATT BETALT I UTLANDET AV PERSON – KREDITFRÅDRAG 2010.....	11
RF-1149 NÆRINGSINNTEKT SKATTLAGT I UTLANDET 2010.....	11
RF-1150 NEDSETTING AV INNTEKTSSKATT PÅ LØNN 2010.....	12
RF-1151 ”KRAFTVERKSEIER – OPPSUMMERING FOR ALLE KRAFTVERK 2010”.....	12
RF-1152 ”SÆRSKILTE DRIFTSMIDLER I KRAFTVERK – AVSKRIVNINGER OG PÅKOSTNINGER 2010”	12
RF-1153 ”SKATTEGGING AV VANNKRAFTVERK 2010”	12
RF-1161 ”NÅVERDI AV FREMTIDIGE UTSKIFTINGSKOSTNADER I KRAFTVERK 2010”	12
RF-1189 UTLEIGE M.M. AV FAST EIGEDOM 2010.....	12
RF-1197 ”REDERIBESKATNING 2010”.....	12
RF-1206 KONSERNBIDRAG 2010.....	13
RF-1213 FISKE 2010	13
RF-1231 BANKINNSKOTT I UTLANDET 2010.....	13
RF-1234 ”SELSKAPET SITT SKJEMA OVER DELTAKER I NOKUS 2010”	13
RF-1245 ”SELSKAPSOPPGAVE FOR NOKUS 2010”	13
RF-1246 ”DELTAKEREN SITT SKJEMA OVER FORMUE OG INNTEKT I NOKUS 2010”	13
RF-1281 SJØLVMELDING FOR PERSON SOM IKKJE HAR MOTTEKE FØREHANDSUTFYLT SJØLVMELDING 2010, MED RETTLEIING RF-2042.	13
RF-1282 FORMUE AV BUSTAD 2010	13

AKSJONÆRSKATTEGGINGA – OPPGÅVE FRÅ SELSKAPET

RF-1086 Aksjonærregisteroppgåva 2010

I post 11 og 25 blir det innført to nye hendingstypar. Partiell likvidasjon går ut som hendingstype og blir erstatta av likedelt partiell likvidasjon og skeivdelt partiell likvidasjon.

Hendingstypen likedelt partiell likvidasjon skal nyttast når aksjonærane i selskapet løyser inn aksjane høvesvis slik at innløysinga ikkje endrar eigarsamansetninga i selskapet. Slik innløysing blir ikkje rekna som ein realisasjon, og det beløpet som ev. blir utdelt i samband med innløysinga er anten utbytte eller tilbakebetaling av innbetalt kapital. Selskapet må halde greie på innbetalt kapital på aksjenivå. Utdeling som er tilbakebetaling av innbetalt kapital skal førast som ”Utbetalt av innbetalt kapital” i feltet ”Totalt vederlag/Utbetalt av innbetalt kapital”. Utdeling som er utbytte blir gjeve opp i post 8.

Hendingstypen skeivdelt partiell likvidasjon skal nyttast når aksjonærane i selskapet ikkje løyser inn aksjane høvesvis slik at innløysinga endrar eigarsamansetninga i selskapet. Alle aksjonærane som løyser inn aksjar blir då rekna for å ha realisert dei innløyste aksjane sine. Det skal då haldast eit gevinst/tapsoppgjer, og beløpa som blir utbetalte blir handsama som realisasjonsvederlag. Dei utdelte beløpa skal førast som ”Totalt vederlag” i feltet ”Totalt vederlag/Utbetalt av innbetalt kapital”.

Aksjonærregisteroppgåva (RF-1086) og rettleiinga til oppgåva (RF-1087) blir ikkje trykte i papiroplag. Oppgåva og rettleiinga vil berre finnast som ein nedlastbar .pdf på skatteetaten.no og i Altinn.

AKSJONÆRSKATTLEGGINGA – OPPGÅVE FRÅ AKSJONÆREN

RF-1059 Aksjar og fondspartar m.m. 2010

Oppgåva har endra namn til Aksjar og fondspartar m.m. 2010.

Elles ingen viktige endringar.

RF-1088 Aksjar og eigenkapitalbevis 2010 m/rettleiing RF-2033

Oppgåva har endra namn til Aksjar og eigenkapitalbevis 2010.

Rettleiinga, RF-2033, er oversett til engelsk.

Det er gjort ein del endringar i den papirutgåva som blir send til alle personlege aksjonærar og den elektroniske oppgåva som kan rettast i Altinn. Oppgåva som blir send til alle personlege aksjonærar er ei forenkla oppgåve som heiter Aksjar og eigenkapitalbevis 2010 – Forenkla (RF-1088F). Den skal vere lett å kontrollere og inneheld hovudsakleg data som aksjonærane skal kjenne seg att i, slik som motteke utbytte, inngangsverdi på aksjar som blei kjøpte eller selde i 2010 og realisasjonsvederlag for aksjar som blei realiserte i 2010. Detaljar om skjermingsfrådrag og grunnlaget for dette blir ikkje vist i den forenkla oppgåva RF-1088F, men totalt frådrag gjeve i utbytte og gevinst på selskapsnivå blir vist i postane 205 og 207. Anskaffingar som blei gjort før 2010 blir heller ikkje viste, med mindre dei blei realiserte i 2010.

Oppgåva som ligg i Altinn og kan rettast der er nokså lik den forenkla papiroppgåva, og heiter Aksjar og eigenkapitalbevis 2010 – Korrigering (RF-1088K). Det er berre inngangsverdi og realisasjonsvederlag som kan endrast i RF-1088K.

Ei meir detaljert oppgåve, som er lik den som blei send i posten til personlege aksjonærar i fjor, ligg no som .pdf i Altinn under namnet Aksjar og eigenkapitalbevis 2010 – Detaljert (RF-1088D). RF-1088D inneheld detaljert informasjon om alle skattytaren sine aksjeanskaffingar i 2010 og tidlegare år. Oppgåva viser òg skjermingsfrådraget knytt til kvar einskild aksje. RF-1088D kan brukast til å kontrollrekne på dei skattepliktige tala som står i postane 110-140 i RF-1088F, som blir send i posten. Det er utarbeidd ei eiga rettleiing til den detaljerte oppgåva, og den finst berre som ein .pdf på skatteetaten.no.

Endringar og levering må anten gjerast i den forenkla papiroppgåva som aksjonærane får i posten (RF-1088F) eller i den leverbare elektroniske utgåva som ligg i Altinn (RF-1088K). Dersom ein gjer endringar i den leverbare Altinn-oppgåva (RF-1088K), får skattytaren ei oppdatert rekalkulert oppgåve som .pdf i Altinn. Denne oppgåva heiter Aksjar og eigenkapitalbevis 2010 – Rekalkulert (RF-1088R). Den rekalkulerte oppgåva viser eventuelle nye skattepliktige verdier som skattytaren må overføre til sjølvmeldinga.

Det finst såleis 5 utgåver av RF-1088 for inntektsåret 2010. Her er ei oversikt:

RF-1088F - Aksjar og eigenkapitalbevis 2010 – Forenkla

- Forenkla oppgåve som blir send på papir i posten til alle personlege aksjonærar

RF-1088D - Aksjar og eigenkapitalbevis 2010 – Detaljert

- Detaljert oppgåve som ligg som .pdf i Altinn

RF-1088K - Aksjar og eigenkapitalbevis 2010 – Korrigerering

- Forenkla oppgåve som ligg i Altinn. Kan rettast og leverast elektronisk.

RF-1088R - Aksjar og eigenkapitalbevis 2010 – Rekalkulert

- Oppdatert oppgåve som skattyteren får som .pdf i Altinn etter å ha gjort endringar i RF-1088K

RF-1088S - Aksjar og eigenkapitalbevis 2010 – Selskap

- Oppgåve berre for selskapsaksjonærar. Er berre til orientering og ligg som ein .pdf i Altinn.

RF-1141 Gevinst og tap på aksjar og partar o. a. ved utflytting – 2010 med rettleiing RF-1280.

Ingen endringar

SELSKAPSOPPGÅVA

RF-1215 Selskapsoppgåve for deltakarlikna selskap 2010

Side 1:

Oppretting frå "selskapsform" til "ansvarsform" i innleiinga. Post 101 og 110 er endra til post 1101 og 1110 (for å vera i samsvar med RF-1221 og RF-1233). Post 115 er fjerna. "Opplysningar om selskapet" spørsmålet "Er selskapet avvikla i inntektsåret" skal i staden heite: "Er selskapet oppløyst i inntektsåret"

Side 3

I nynorskversjonen side 3 romertall VI "Deltakarar i selskapet", står det "Part avhenda i 2010". Dette er endra til "Part realisert i 2010".

På side 2 og side 4 er det innarbeidd nye postar som ivaretek nye reglar ved formuesverdsetjing (likningsverdi) av bustadeigedom. Dei nye postane på side 2 er post 510 B Bustadeiegedomar i Noreg og post 510 C Bueiningar i bustadselskap/burettslag i Noreg. Spesifiseringa av post 510 B+C skal førast i eigne postar på side 4, sjå romertal VIII Spesifikasjon av bustadeigedomar og bueiningar i bustadselskap/burettslag

DELTAKARLIKNING – OPPGÅVE FRÅ SELSKAPET

RF-1220 Deltakarinntekt frå skogbruk og reindrif 2010.

Ikkje viktige endringar ut over at oppgåva har endra namn.

RF-1233 Selskapet si oppgåve over deltakaren si formue og inntekt i deltakarlikna selskap 2010 m/ rettleiing RF-1288

RF-1233 er for inntektsåret 2010 endra vesentleg ved at mange postar er flytta. Postane som tidlegare var på side 1 er no flytta til side 4.

Berre personleg deltakar som stettar krava til jordbruksfrådrag, skal fylle ut post 1155 og post 1156. Driv ikkje deltakaren eiga jordbruksverksemd i tillegg til selskapsdeltakinga, er det frå

inntektsåret 2010 ikkje naudsynt å levere RF-1177 Landbruk. I så fall tek deltakaren utgangspunkt i talet i RF-1221 post 1155 og reknar sjølv ut jordbruksfrådraget og fører det inn i sjølvmeldinga post 3.2.15. Leverer deltakaren RF-1177, skal ho/han føre differansen mellom RF-1221 post 1155 og post 1156 over til RF-1177 post 434.

Selskapet sender kopi av RF-1233 til deltakaren som skal kontrollere dei postane selskapet har fylt ut og nytta tala til utfylling av RF-1221.

Rettleiing til RF-1233 er no RF-1288.

DELTAKARLIKNING – OPPGÅVE FRÅ DELTAKAREN

RF-1221 Deltakaren si oppgåve over eigen formue og inntekt i deltakarlikna selskap 2010 m/ rettleiing RF-1222

RF-1221 er for inntektsåret 2010 endra vesentleg. Tidlegare var denne oppgåva heilt lik RF-1233 Selskapet si oppgåve over deltakaren si formue og inntekt i deltakarlikna selskap 2010. Alle postar som gjeld utrekning av skattemessige verdiar er fjerna frå RF-1221 og finst no berre i RF-1233. RF-1221 inneheld i hovudsak dei postane som skal førast over til deltakaren si sjølvmelding. Vidare er postane som gjeld fordeling av inntekt mellom ektefellar fjerna frå RF-1233 og finst no berre i RF-1221.

Berre personleg deltakar som stettar krava til jordbruksfrådrag, skal fylle ut post 1155 og post 1156. Driv ikkje deltakaren eiga jordbruksverksemd i tillegg til selskapsdeltakinga, er det frå inntektsåret 2010 ikkje naudsynt å levere RF-1177 Landbruk. I så fall tek deltakaren utgangspunkt i talet i RF-1221 post 1155 og reknar sjølv ut jordbruksfrådraget og fører det inn i sjølvmeldinga post 3.2.15. Leverer deltakaren RF-1177, skal ho/han føre differansen mellom RF-1221 post 1155 og post 1156 over til RF-1177 post 434.

Opplysningane i RF-1221 byggjer på tal som selskapet har ført i RF-1233. Deltakaren får tilsendt kopi av RF-1233 frå selskapet. Deltakaren er etter likningslova Kap 4 sjølv ansvarleg for å gi likningsmyndighetene riktige og fullstendige opplysningar om alle forhold som har betydning for gjennomføringa av likninga. Dersom deltakaren ikkje er samd i dei tala selskapet har ført i RF-1233, må han grunngje avvika i eige vedlegg.

NÆRINGSOPPGÅVENE

RF-1175 Næringsoppgåve 1 2010

Skjema og rettleiing er oversett til engelsk.

I næringsoppgåve 1 har vi teke inn ny post 3605: "Leigeinntekt fast eigedom, avgiftspliktig" m.a. for tilfella med frivillig registrering i meirverdiavgiftsmanntalet. Dessutan er post 7896 "Andre konstaterte tap" komen inn, slik at post 7895 heretter berre skal innehalde tap på fordringar, medan post 7896 skal nyttast til andre konstaterte tap.

Post 9981 for samvirkeforetak er fjerna, medan postane 9980 og 9985 for samvirkeforetak er flytta frå side 2 til side 4.

Ordninga med fritak for levering av næringsoppgåve for dei som har avgrensa bruttoinntekt (sjå nedanfor), er utvida til også å gjelde jordbruk og skiferdrift. Sjå

nærmare RF-2003 "Starthjelp for næringsdrivande 2010".

Fleire av vedleggsskjema har skifta namn, men ikkje RF-nummer.

RF-1167 Næringsoppgåve 2 2010

Ingen viktige endringer.

RF-1170 "Næringsoppgave 3 for forsikringselskap 2010"

(Da skjemaet berre ligg føre i bokmål, vil leietekstene nedanfor ha bokmål tekst)

Nye poster på side 1: Post 0170 Avsetning til naturskadefond (ført som EK)

Post 0180 Avsetning til garantiordning (ført som EK)

Post 0236 Supplerende avsetninger Kun med investeringsvalg

Post 0241 Forsikringsmessige avsetninger med og uten investeringsvalg

Post 0250 Andre tekniske avsetninger utgår

Ny post på side 2: Post 1035 Avkastning på obligasjons- og pengemarkedsfond

Nye poster på side 3: Post 1800 Resultat før andre resultatkomponenter

Post 1850 Valutakursdifferanser

Post 1860 Gevinst/tap finansielle eiendeler

Post 1870 Andre resultatkomponenter

Post 1880 Justering av forsikringsforpliktelsene

Post 1890 Skatt på andre resultatkomponenter

Post 1900 Totalresultat

Post 1681 t.o.m post 1707 utgår.

Ny post på side 4: Post 3022 Obligasjons- og pengemarkedsfond

Post 3345 og post 3346 utgår

På side 6 utgår post 7155.

RF-1173 "Næringsoppgave 4 for bank og finansieringsforetak 2010."

(Da skjemaet berre ligg føre i bokmål, vil leietekstene nedanfor ha bokmål tekst)

På side 1 endres post 0250 til Individuelle tapsavsetninger

Post 0260 endres til Tapsavsetninger på grupper av garantier

Nye poster på side 3: Post 2717 Overført frå fond for urealiserte gevinster

Post 2728 Overført til fond for urealiserte gevinster

Nye poster på side 5: Post 5270 Utbytte (for selskap som bruker IFRS)

Post 5272 Konsernbidrag (for selskaper som bruker IFRS)

På side 6 utgår post 6155.

RF-1242 Næringsoppgåve for biletkunstnar m/ rettleiing RF-1247

Ingen særskilte endringer

VEDLEGG TIL NÆRINGSOPPGÅVENE

RF-1013 Kostpris for landbrukseigedom 2010

Skjemaet har skifta namn. På side 2 har det kome inn felt for saldogruppe J. Utover dette har det ikkje skjedd vesentlege endringer.

RF-1016 Formue av skogeigedom

Skjemaet har skifta namn. Elles er det som før.

RF-1022 Lønns- og pensjonskostnader 2010

Ingen viktige endringar.

RF-1052 Avstemming av egenkapital 2010

Ingen viktige endringar.

RF-1084 Avskrivning 2010 m/ rettleiing RF-1270

Navnet på skjema er endra til Avskrivning 2010.

Postene 103b om overføring frå saldogruppe h og i til saldogruppe j utgår, og post 110b om 10 % avskrivning for saldogruppe d for nyanskaffelser/påkostninger utgår.

RF-1122 Overnattings- og serveringsstad 2010

Nokre overskrifter er gjort om litt. Det er innført bokstavar for å skilje felta for utfylling frå kvarandre.

Forskrift 01.12.2009 nr. 1434 om fritak frå plikt til å levere næringsoppgåve, er endra. Har du enkeltpersonføretak som driv overnattings- og/eller serveringsstad kan du frå og med inntektsåret 2010 la vere å levere næringsoppgåve viss dei samla driftsinntektene dine ikkje overstig kr 50 000, og dei andre vilkåra i forskrifta er oppfylde. I så fall treng du heller ikkje levere RF-1122.

RF-1123 Kontrollerte transaksjonar og mellomvere 2010

Skjemaet er oversett til engelsk. Elles: Ingen viktige endringar.

RF-1125 Bruk av bil 2010

Det er gjort ei oppdatering av innslagspunktet for trinn 2 ved fordelsutrekning for arbeidstakar sin private bruk av arbeidsgivar sin bil (beløpet er auka frå kr 257 100 til kr 261 600).

RF-1177 Landbruk 2010

Under felt I "Diverse opplysningar" er det teke inn eit nytt spørsmål knytta til overdraging av landbrukseigedom.

Felt IX utrekning av frådrag for skiferprodusentar i Nord-Troms og Finnmark er fjerna frå RF-1177 "Landbruk", da skiferprodusentar i Finnmark og Nord-Troms ikkje lenger skal levere dette skjemaet. Nærare informasjon om "skiferfrådraget" er å finne i den spesielle rettleiinga for landbruk, RF-1178.

Grunnlag for jordbruksfrådrag for deltakarar i samdrift/ANS skal no hentast frå "Deltakeroppgåva" RF-1221 og først i post 434. Av den grunn er post 435 "Arbeidsgodtgjering frå samdrift (ANS/DA) fjerna.

RF-1217 Forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier 2010

Ingen viktige endringar.

RF-1219 Gevinst- og tapskonto 2010 m/ rettleiing RF-1210

Ingen særskilde endringar.

RF-1223 Drosje- og lastebilnæring 2010

Post 11 er splitta i to. I post 11a gjev du opp om køyretøyet bruker bensin, diesel eller gass. Bruker bilen både bensin og gass gjev du opp gass.

I post 11b fører du køyretøyet sitt samla drivstofforbruk i året. Bruker køyretøyet både bensin og gass, legg du saman talet for liter bensin med talet for liter gass og fører summen i post 11b.

RF-1269 ” Foretak som bruker IFRS eller forenklet IFRS 2010”

Ingen viktige endringar.

FØRETAKSMODELLEN

RF-1224 Personinntekt frå enkeltpersonføretak 2010

Skjema og rettleiing er oversett til engelsk.

Endring av namn på skjema RF-1224 ”Personinntekt frå enkeltpersonføretak 2010”.

Ny overskrift til postane 1-17 – 1.24 ”Samordning/framføring av negativ utrekna personinntekt” .Ny post i 2010 – post 1.22 - ”Tillegg for negativ utrekna personinntekt som kan samordnast med lott frå fiske i år” (sjå RF-1213 post 118).

Ny post i 2010 – post 1.24 Opplysningspost (for dei som vel å ikkje nytte post 1.18 til å redusere positiv utrekna personinntekt frå tidlegare år).

Kun nytt postnummer i 2010 frå post 1.33 til 1.36 (tidlegare postane 1.23 til 1.26).

Tidlegare postar 1.27 – 1.31 i 2009-skjema er teke ut og innarbeidd i postane 1.17 til 1.24 i 2010 skjema.

I rettleiing til utfylling av skjema for utrekning av personinntekt frå enkeltpersonføretak - RF-1225, er det forklart korleis ein fyller ut postane.

SJØLVMELDINGANE

RF-1030 Sjølvmelding 2010 for lønnstakarar og pensjonistar o.a.

Eigen post for formuesverdi av part i bustadselskap er fjerna

Post 4.3.1 Part i bustadselskap er fjerna i sjølvmeldinga frå og med inntektsåret 2010.

Bakgrunnen er at dei nye verdsetjingsreglane for bustadeigedomar også femnar om heilårsbustader som vert eigd i form av partar i bustadselskap som skal liknast etter skattelova § 7-3. Dette inneber at det vert fastsett sjølvstendige formuesverdiar for slike bueiningar.

Tidlegare vart likningsverdien fastsett ut frå parthavaren sin part av bustadselskapet sin likningsverdi som vart rapportert i likningsoppgåve frå selskapet. Likningsverdien for bueininga vert no fastsett på grunnlag av dei bustadopplysningane (bustadtype, byggeår og areal) som parthavaren sjølv innrapporterer.

Unntak gjeld for dei bueiningane som utelukkande er regulert til fritidsformål. For slike bueiningar vert, som før, likningsverdien fastsett ut frå dei opplysningar som går fram av selskapet si likningsoppgåve over parthavaren sin part av likningsverdien til bustadselskapet.

Med bakgrunn i det som er nemnd over, er det ikkje lenger grunnlag for å skilje ut formuesverdien av bueiningar i bustadselskap i ein eigen post. Å fastsetje likningsverdien vil no avhenge av om bueininga er ein bustadeigedom eller fritidseigedom. Formuespostane for bueiningar i bustadselskap er difor i

sjølvmeldinga no delt inn etter om eigedomstypen skal reknast som bustadeigedom eller fritidseigedom.

Postane 4.3.2 Bustad og 4.3.2 Bueining i bustadselskap

Frå og med 2010 er det i sjølvmeldinga to postar for utfylling av likningsverdi for bustadeigedomar.

Formuesverdien for bustadeigedomar skal frå og med 2010 førast anten i post 4.3.2 Bustad eller i post 4.3.2 Bueining i bustadselskap.

Den tidlegare posten for utfylling av likningsverdi for bustadeigedomar, post 4.3.2 Bustad, herunder eigarseksjon, har frå og med 2010 fått ny nemning og heiter no "Bustad". I denne posten fører ein likningsverdien for alle bustader med unntak for bueiningar i bustadselskap som skal liknast etter skattelova § 7-3.

Likningsverdien for bustader i form av bueiningar i bygninger eigd av bustadselskap som skal liknast etter skattelova § 7-3 skal førast i ny post 4.3.2 som heiter "Bueining i bustadselskap". I papirutgåva av sjølvmeldinga får posten berre nemninga "Bustadselskap".

Begge formuespostane vert førehandsutfylte med bustadopplysningar innrapportert frå skattytar innan 1. februar 2011. Likningsverdien vert rekna ut og førehandsutfylt m.a. ut frå innsende opplysningar frå skattytar om bustadtype, byggjeår og areal.

For å få fastsett ny likningsverdi for 2010 etter dei nye verdsetjingsreglane, må innrapportering skje innan fristen for levering av sjølvmeldinga. For at skattytar både skal kunne føreta ei førstegongs innrapportering av bustadopplysningar og/eller føreta endringar i tidlegare innrapporterte opplysningar og at grunnlaget for førehandsutfylt likningsverdi skal kunne kontrollerast, er det i sjølvmeldinga oppretta følgjande opplysningsfelt som høyrer til desse postane:

- primær- eller sekundærbustad
- bustadtype
- byggjeår
- areal av primære rom (P-ROM) eller buareal (BOA)
- eigarpart

Bustadopplysningar vert førehandsutfylt etter dei data som vert overført frå SERG. (Sentralt eigedomsregister)

Post 4.3.3 Part i fritidsbustadselskap

Dette er ein ny post som vert førehandsutfylt med opplysningar overført frå SERG. I papirutgåva av sjølvmeldinga får posten nemninga "Fritidsbustadselskap".

Likningsverdien vert førehandsutfylt ut frå dei grunnlagsdata som vert innrapportert frå fritidsbustadselskapa om andelshavaren sin part av bustadselskapet sin likningsverdi. Grunnlagsdataa vert registrert i SERG og overføres derfrå til sjølvmeldinga.

Posten skal innehalde felt for organisasjonsnummer, partnr./aksjenr., gateadresse, bustadnummer, kommune og eigarpart.

RF-1030 Sjølvmelding 2010 for næringsdrivande o.a.

Post 4.3.5 Norsk næringsseiendom

Frå og med inntektsåret 2010 er det nye reglar for utrekning av likningsverdien for ikkje utleigd norsk næringsseiendom. Utrekninga kan gjerast på skjemaet RF-1098 "Formue av

næringsseigedom 2010” og ein fører likningsverdien i post 4.3.5 Norsk næringsseigedom (RF-1098).

Sjå elles Sjølvmeldinga 2010 ”Rettleiing til postane” i kapitlet ”Formue og gjeld”.

Utviding av fritaket for levering av næringsoppgåve:

For små føretak med driftsinntekter som ikkje overstig kr 50 000 og som elles fyller vilkåra for leveringsfritak, er ordninga utvida til også å gjelde verksemdutøvarar som:

- driv skiferproduksjon i Nord-Troms eller Finnmark
 - driv jordbruk, gartneri, pelsdyr mv.
 - driv reindrift som ikkje har starta gjennomsnittslikning
 - leverer RF-1053 Frådrag i skatt for forskning og utvikling 2010
 - normalt skulle levert RF-1122 Overnattings- og serveringsstad 2010
- Slike fritas både frå å levere næringsoppgåve og RF-1122

Sjå elles Starthjelp for næringsdrivande 2010 del 2.

Endringar i høve til føring av skiferfrådrag (3.2.17), jordbruksfrådrag (3.2.15), reindriftsfrådrag (3.2.16)

- Verksemdutøvar som krev skiferfrådrag skal ikkje lenger levere RF-1177. Skattytaren skal heretter rekne ut frådraget sjølv og føre det direkte i post 3.2.17

- Verksemdutøvar som krev jordbruksfrådrag og stettar krava til fritak for levering av næringsoppgåve, reknar ut frådraget sjølv og fører det direkte i post 3.2.15.

- Verksemdutøvar som krev reindriftsfrådrag og stettar krava til fritak for levering av næringsoppgåve, reknar ut frådraget sjølv og fører det direkte i post 3.2.16.

For øvrig viser ein til Starthjelp for næringsdrivande 2010 del 3.

RF-1028 Sjølvmelding for aksjeselskap m.m. 2010

Side 1

Spørsmålet som omhandlar skattefrådragsordninga for underskot er teke ut fordi ordninga ikkje lenger gjeld.

Side 3

Det er endringar i post 309 som følgje av endringar i skatteordninga for reiarlag. Sjå meir om skatteordninga for reiarlag i rettleiding til RF-1197 ”Rederibeskatning 2010”.

Post 401 B og 401 C

Det er teke inn to tabellar for spesifikasjon av bustadeigedomar og bueiningar i bustadselskap/burettslag nedst på side 3. Det skal fyllast ut opplysningar om kvar eigedom. Likningsverdien som ein finn fram til ved å nytte ”boligkalkulatoren” på skatteetaten.no skal førast i post 401 B og 401 C på side 4.

Side 4

Post 401 A-F

Det er gjort endringar i postane 401 A-F mellom anna som følgje av at skjema RF-1098 no omfattar både utleigd og ikkje-utleigd næringsseigedom.

RF-1038 ”Selvangivelse for forhåndsligning av utenlandsk arbeidstaker” – Tax Return for advance assessment of foreign employee

Ingen viktige endringar.

RF-1040 Sjølvmelding for førehandslikning 2010

Under post 2.2 (pensjonar, livrente i arbeidsforhold) har det kome til eit nytt felt. I feltet fører du pensjonsgraden. I tillegg er det kome nye avsnitt i rettleiinga, mellom anna nytt frå inntektsåret 2011.

ANDRE VEDLEGG TIL SJØLVMELDINGANE

RF-1034 Fordeling av inntekt og formue mellom kommunar 2010”

(Vedlegg til sjølvmelding 2010 for næringsdrivande, RF-1030)

I dette skjemaet har vi lagt inn én ekstra 2.1.3 – post: ”Næringsinntekt frå familiebarnehage - i eigen heim - fordelt frå ektefelle”.

Skjemaet er oversett til nynorsk.

RF-1045 ”Regnskapsutdrag 2010”

Utanlandske selskap og innretningar som leverer sjølvmelding eller selskapsoppgåve til Sentralskattkontoret for utenlandssaker, skal leggje ved RF-1045 Regnskapsutdrag. Personleg næringsdrivande skal ikkje levere RF-1045. Personleg næringsdrivande kan no i staden levere RF-1175E Income statement 1.

RF-1053 Frådrag i skatt for forskning og utvikling 2010

Ingen endringar

RF-1070 Renteinntekt til ekstra skattlegging 2010

Ingen endringar

RF-1098 Formue av næringsseigedom 2010

Det er gjort omfattande endringar i skjemaet for 2010. Skjemaet omfattar no både utleigd og ikkje-utleigd næringsseigedom og er delt inn i fire delar. Det skal, som tidlegare, leverast eit skjema for kvar eigedom det skal fastsetjast formuesverdi for. Det er obligatorisk å fylle ut opplysningar i del I og IV. Er eigedomen ein utleigd næringsseigedom skal i tillegg del II fyllast ut. Er eigedomen ein ikkje-utleigd næringsseigedom skal i staden del III fyllast ut. Del II og del III er såleis alternative. I tillegg er postane 160-167 nye frå og med inntektsåret 2010. Oppstillinga i post 176 er forskjellig frå tidlegare år og tilsvarar postane 170 til 176 i skjemaet for 2009. Merk at ved utfyllinga av post 276 må ein nytte ein kalkulator (tilgjengeleg på www.skatteetaten.no/naeringseiendom) for å finne fram til beløpet som skal fyllast inn i feltet ”Beregnet kvadratmeterleie”.

Det er på same måte gjort ein del endringar i rettleiinga, RF-1099.

RF-1109 Uttak frå norsk område for skattlegging 2010

Namnet på skjemaet er endra.

RF-1145 Frådrag for skatt betalt i utlandet av selskap – kreditfrådrag 2010

Ingen særskilde endringar utover endra skjemanamn.

RF-1147 Frådrag for skatt betalt i utlandet av person – kreditfrådrag 2010

Skjemaet er oversett til engelsk

RF-1149 Næringsinntekt skattlagt i utlandet 2010

Ingen særskilde endringar utover endret skjemanamn.

RF-1150 Nedsetting av inntektsskatt på lønn 2010

Ingen endringer.

RF-1151 "Kraftverkseier – oppsummering for alle kraftverk 2010"

Det er berre oppdateringar av årstal.

RF-1152 "Særskilte driftsmidler i kraftverk – avskrivninger og påkostninger 2010"

Det er berre oppdateringar av årstal.

RF-1153 "Skattlegging av vannkraftverk 2010"

Rentesatsen i post 154 er oppdatert og årstal og indekser på side 3 er oppdatert. Elles berre oppdatering av årstal.

RF-1161 "Nåverdi av fremtidige utskiftingskostnader i kraftverk 2010"

Det er endringer i postane 70-76 og i overskrifta til denne delen av skjemaet som følgje av at også driftsmidlar i saldogruppe j skal inkluderast.

RF-1189 Utleige m.m. av fast eigedom 2010

Skjemaet er oversett til engelsk.

RF-1197 "Rederibeskatning 2010"

Det er endringer i skjemaet og rettleiinga RF-1126 som følgje av endringer i skatteordninga for reiarlag. Endringane gjeld berre selskap som vart likna innanfor den særskilte skatteordninga for reiarlag fram til 2007, og som valde framleis å bli likna etter ordninga for 2007.

Ved omlegginga av skatteordninga for reiarlag i 2007 vart det vedteke overgangsreglar for å handsame dei latente skatteskyldnadene til selskap som vart likna innanfor den særskilte skatteordninga for reiarlag fram til 2007, og som valde framleis å bli likna etter ordninga for 2007. I ein plenumsdom av 12. februar 2010 avgjorde Høgsterett at overgangsreglane for oppgjær av dei latente skatteskyldnadene i skatteordninga for reiarlag var i strid med forbodet i Grunnlova § 97 mot å gi lover tilbakeverkande kraft. Grunnlovsstriden gjaldt den obligatoriske betalinga av latente skatteskyldnader over ein 10-årsperiode. Dommen er teke inn i Retstidende 2010 side 143 følgjande.

Dommen gjer ikkje dei ikkje skattlagde skipsfartsinntektene i skatteordninga for reiarlag frå før 2007 endeleg skattefrie, men inntektene må følgje ein uttaksmoell, slik som før endringane i ordninga i 2007. Denne basisordninga for dei gamle, ikkje skattlagde inntektene er difor i stor grad innført att i lovgivinga, og såleis også innarbeidd i oppdatert versjon av RF-1197 (samt rettleiing). Basisordninga er innarbeidd i dei nye postane 638-696 samt 788.

Det er også vedteke ei frivillig oppgjørsordning som går ut på at reiarlaga i staden for basisordninga kan velje ei endeleg skattlegging med 10 prosent av to tredelar (det vil seie om lag 6,7 prosent) av overgangsgevinsten utrekna per 1. januar 2007. Det skal etablerast ein ny oppgjørskonto ved likninga for 2010 som skal førast til inntekt med like delar for inntektsåra 2010, 2011 og 2012. For å komme inn under oppgjørsordninga, og gjennom det komme ut av basisordninga, må det enkelte reiarlag erklære bindande tilslutning til oppgjørsordninga i samband med sjølvmeldinga for 2010, sjå post 630 i RF-1197. Det blir ikkje høve til å endre oppgjørsmåte på eit seinare tidspunkt. Oppgjørsordninga er innarbeidd i dei nye postane 631-636 samt 785.

Sjå rettleiinga til RF-1197 (RF-1126) s. 8 flg. for nærmare detaljar.

RF-1206 Konsernbidrag 2010

Skjemaet er oversett til nynorsk.

Elles: Ingen særskilde endringar utover endra skjemanamn.

RF-1213 Fiske 2010

Det er kome til ein ny post 118, som kan nyttast for motrekning av utrekna negativ personinntekt i anna slag næring som lottakaren driv, og som kan samordnast med positiv personinntekt frå lottfiske.

Beløpet må hentast frå post 1.22 i RF-1224 "Personinntekt frå enkeltpersonføretak 2010"

RF-1231 Bankinnskott i utlandet 2010

Skjemaet er oversett til engelsk.

RF-1234 "Selskapet sitt skjema over deltaker i NOKUS 2010"

Ingen særskilde endringar utover endra skjemanamn.

RF-1245 "Selskapsoppgave for NOKUS 2010"

Ingen særskilde endringar utover endra skjemanamn.

RF-1246 "Deltakeren sitt skjema over formue og inntekt i NOKUS 2010"

Ingen særskilde endringar utover endra skjemanamn.

RF-1281 Sjølvmelding for person som ikkje har motteke førehandsutfylt sjølvmelding 2010, med rettleiing RF-2042.

Ingen særskilde endringar.

RF-1282 Opplysningar for berekning av likningsverdi på bustadeiegedomar

Skjemaet kan nyttast for innrapportering av bustadopplysningar i samband med formuesverdsetjing av bustadeiegedomar etter skattelova § 4-10 andre ledd.